

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/371 - 22/2285

Sakshandsamar:  
Sveinung Toft  
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:  
09.03.2022

## Oversending av justert reguleringsplan for Storeskjeret i Masfjorden kommune med vedlegg

Masfjorden kommune viser til Statsforvaltaren i Vestland sitt brev av 14.2.2021, med merknader og motsegn til reguleringsplanen for Storeskjeret, og NVE sitt brev av 29.11.2021 med motsegn til planen.

NVE skriv i brevet følgjande som grunngeving for å tilrå motsegn:

*«NVE opprettheld motsegn til detaljreguleringsplan for Storeskjeret. Fare for områdeskred av kvikkleire er ikkje tilstrekkeleg avklart.*

*Om motsegna*

*Ved første gongs offentleg ettersyn fremja NVE i brev datert 11.03.2021 motsegn til detaljreguleringsplan for Storeskjeret. Grunnlaget for motsegna var at fare for områdeskred av kvikkleire ikkje var tilstrekkeleg utgreidd. Vi sa vidare at dersom de syter for å få utgreidd skredfaren, og innarbeider konklusjonane i planen, fell grunnlaget for motsegna bort.»*

Masfjorden kommune har no utført dykkarinspeksjon og botnundersøking i planområdet, og med bakgrunn i denne botnundersøkinga har føretaket Sweco Norge AS, utarbeidd eit geoteknisk vurderingsnotat dagsett 14.02.2022, sjå vedlegg. Konklusjonen i dette dokumentet er formulert på side 17 under kap. **6.4 Oppsummering**. Her står det følgjande:

*«Basert på en samlet vurdering av trinn 1-3 i NVEs kvikkleireveileder [10] vurderer Sweco v/ RIG at det ikke vil være fare for tap av områdestabilitet på land eller i sjø ved utbygging av området iht. planer beskrevet i kap. 2. Planlagt tiltaksområde for bygg og parkeringsområde samt området rundt kirken er avgrenset med synlig berg i dagen, noe som vil forebygge evt. brudd/skred fra å få*

stor utstrekning. Evt. skred som oppstår på tomten vurderes å være lokalskred og ikke område-skred.

Planlagt, liten fylling mot sjø sør i planområdet for å etablere et nytt fortau vurderes som stabiliserende for skråning mot sør/land og vurderes å ikke ville påvirke områdestabilitet på land/i sjø siden det er observert tynt løsmassedekke/fjell i sjøbunn ved tiltaket. Sweco vurderer videre at det ikke vil være behov for geotekniske grunnundersøkelser på land eller i sjø for vurdering av områdestabilitet på land/sjø.»

På bakgrunn av breva frå dykk har difor Masfjorden kommune justert planen noko. Endringane (justeringane) som er gjort gjeld i hovudsak føresegnene og er som følgjer:

- Det tidlegare punktet i 4.1.3 b er teke ut. Der stod det: «b) Det kan leggast til rette for tankanlegg for bensin- og dieselpumper i forbindelse med kai.»
- Punkt 4.5.1 punkt b er teke ut, der det tidlegare stod:»b ) Det kan leggast til rette for tankanlegg for bensin- og dieselpumper i flytebryggeanlegget»
- Føresegna knytt til parkering er endra ved at bør er endra til skal slik at det no står: g) Utfylling i sjø innan føremålet skal ikkje føregå i perioden 1. februar til 30. juni grunna gyteperiode for torsk.
- Føresegn 7.1, sitt punkt c) er teke ut: «c) Det skal utarbeidast geotekniske undersøkingar vedr. områdestabilitet under vatn for utfylling i sjø til parkering og kai.» Grunngeving for at det er teke ut er at området no er avklart med omsyn på områdestabilitet.
- Føresegn 7.1 sitt punkt d er teke ut. Der stod det «d) Dersom det skal etablerast drivstoffanlegg i flytebrygga må det utarbeidast eigen konsekvensutgreiing vedr. brann- og eksplosjonsfare og forureining.
- Presiseringer knytt til § 4.1.1 mellom anna knytt til planeringshøgde og største mønehøgde.

Vidare har kommunen fått revidert ROS-analysen, slik at mellom anna merknadane frå Statsforvaltaren knytt til denne langt på veg er teke til følge.

På bakgrunn av dette sender Masfjorden kommune over justert planskildring, justert føresegn dagsett 22.02.2022, justert plankart av 13.12.2021, justert ROS-analyse revidert 24.02.2022 og rapporten til Sweco av 14.02.2022, som dokumenterer at det ikkje er risiko knytt til område-skred av kvikkleire i planområdet. Kommunen ber om at motsegna som er gjort gjeldande mot reguleringsplanen frå dykk no vert trekt, slik at kommunen kan eigengodkjenna reguleringsplanen.

Med helsing

Sveinung Toft  
assisterande rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Vedlegg:**

Plankart rev. 13.12.21

Planskildring Masfjordnes

Føresegner dagsett 22.02.2022

Vedlegger geoteknisk vurderingsnotat etter dykkerinspeksjon

ROS- analyse dagsett 24.02.2022 reguleringsplan Storeskjeret

**Mottakarar:**

Norges Vassdrags- og  
Energidirektorat (nve)

Postboks 5091      0301  
Majorstua

OSLO